



Lærdal Turlag - BAKKETRIMMEN 2026!!

Korte turar som er lett tilgjengeleg, skal vere vegen til målet. Vonar at du blir motivert til å auke dosen med uteaktivitet, og komme i betre form. Du som har born, må hugse på å ta dei med innimellom. Kanskje du skal utfordre ein nabo, arbeidskollega eller slekt og vener. Ved å nytte klippekortet og UT.no flittig, kan du samle 25 klypp og besøk, og bli med på trekninga av **to gåvekort på kr 1000**. Born som ikkje har fylt 13 år treng berre 13 klypp.

Gå oppover og framover med Lærdal turlag. Teikn aksjar i ei god folkehelse, og skap optimisme i bygda.

Her er turmåla:

TURMÅL	Start	Stigning	Lengd
Dekkene	Parker ved brua på Lo . Gå over brua, forbi garasjane, følg deretter grusvegen til høgre.	297	6,5 km
Borlo - Ulvisbakken	Parker ved vandrerhjemmet eller ved bensimpumpa på andre sida	30	1 km
Hedlerstegkrysset	Start ved Hedlerbrui og følg stien langs fjæremålet til Jektesanden. Frå Jektesanden er det godt merka sti opp.	125	1,1 km
Gravdalen på Seltaåsen	Start i Koret og følg den gamle vegen over Seltaåsen.	296	1,2 km
Drageset	Start v Seltabru, følg Kongevegen forbi Seltøyni og til skilt Drageset opp til venstre eit stykke etter Seltøyni. Vær varsam dei første metrane opp.	300	2,3 km
St Olavskjelda	Du kan starte frå ferjekaiaen og følgje merka sti frå Fodnes. Eit anna alternativ er å starte frå tunellen og følgje traktorveg og sti til Grisagarden, der du kjem inn på stien Fodnes – St Olavskjelda.	380	2,3 km
Kropp	Parker på p-plass v Tønjum kyrkje, følg merka sti gjennom flott kulturlandskap.	223	1 km

Følg oss på heimesida vår www.dnt.no/lardal og på Facebook, der vi har over 1400 medlemmar.

Du får kjøpt eit lite klippekort på Felleskjøpet i Lærdal til kr 100,00. Maksimalt kr 200,00 pr.

familiehusstand. **Du kan og betala til turlaget på VIPPS (602939), skriv melding om kva og kven det gjeld!**

Reglane er enkle:

1. Du må innom alle 7 postane minst ei gong, og du må ha 25 «signeringar» til saman. Born som ikkje har fylt 13 år treng berre 13 klypp.
2. Du kan merka kvart felt på kortet med t d kulepenn **når du kjem heim**. Ingen turpostar har tang men alle har bok. Alle bakketrimpostane har og skilt med tekst «BAKKETRIMMEN»
3. Alle bakketrimpostane er og lagt ut på UT.no, hent opp appen på mobilen og trykk «Besøk».
4. Du konkurrerer i tida 01.04.26 – t o m 30.09.26. Lever kortet på Felleskjøpet innan søndag 10. oktober 2026. Hugs å skriv namnet ditt og telefonnummer bakpå kortet. For born må du og skriva alder. Lat att grinder og ver varsam med gjerder.

Du blir garantert andpusten, sveitt, og i betre humør ☺ ☺

Lærdal turlag, styret